



Sidan første innmelding 13. august har fisket vore nokså bra og det er teke knappe 500 tonn brisling i den ytre delen av Hardangerfjorden, opplyser Knut Hognes i Norges Sildesalgslag til Kvinnheringen. Det meste av fisken er teken i Kvinnherad og Etne.

Det er fjorden inn til Håstabben lykt som førebels er opna for fiske. Andre stader har det til no vore lite brisling og den som er der er for liten.

Også i området rundt Uskedalen og framfor alt då på utsida av Skorpo har det vore livleg fiske i det siste og fleire bruk har vore til kai i Uskedalen.

På biletet over ligg Hovda frå Finnøy ved Sandakaien.

Prøvefisket tidlegare i sommar såg ikkje særleg bra ut, men det har teke seg opp både med omsyn til mengd og kvalitet. Brislingen er feil og fin såkalla tolagsfisk, det vil seia av ein storleik på mellom 10 og 13 centimeter.

Førebels er kring 15 båtar med i fisket. Dei siste døgera har det vore fiska og låssett brisling ved Kalven utanfor Rosendal og i Høylandssundet. Tidlegare har det stått steng ved Ånuglo.

Av Ola Matti Mathisen